

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Roald Aandahl	Arkivkode: FA-Q10
Arkivsaksnr: 18/529	Løpenr: 19/751
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	05.02.2019	004/2019
Kommunestyret	21.02.2019	003/2019

Siling av alternativer - ny veg til Hagabotnane.**21.02.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte innleiingsvis om at Øyvind Strømmen (Mdg), Lena Tveit (Bl) og Øyvind Røen (Sp) hadde meldt inn spørsmål om gildskapen sin i denne saka. Etter dette orienterte desse tre om kvifor dei ønska å få gildskapen sin vurdert. Alle tre gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen deira. Under denne handsaminga gjekk følgjande personar inn som varamedlemmer:

- Bente Getz (Mdg) gjekk inn som varamedlem for Øyvind Strømmen
- Svein Tore Drevsjø (Bl) gjekk inn som varamedlem for Lena Tveit
- Hilde Aarvik (Sp) gjekk inn som varamedlem for Øyvind Røen

Brigt Olav Gåsdal (A) vart etter framlegg frå ordførar Knut Harald Frøland vald som setjevaraordførar under handsaminga av gildskapen til Øyvind Strømmen, Lena Tveit og Øyvind Røen.

Både Øyvind Strømmen, Lena Tveit og Øyvind Røen vart funne ugilde og deltok derfor ikkje under handsaminga av saka.

12 representantar røysta for at Øyvind Strømmen var ugild og 8 for at han var gild:

Gild	Ugild
Hilde Aarvik (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Svein Tore Drevsjø (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Nils Aadland (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Bjarte Linga (Bl)
Sture Tveit (H)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Arild Røen (H)	Roger Urås (A)
Inge Aasgaard (Krf)	Harald Bøge (A)
	Bente Getz (Mdg)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Gunnar Bruvik (Frp)

	Odd Arne Haga (Frp)
--	---------------------

11 representantar røysta for at Lena Tveit var ugild og 9 for at ho var gild:

Gild	Ugild
Hilde Aarvik (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Svein Tore Drevsjø (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Nils Aadland (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Bjarte Linga (Bl)
Roger Urås (A)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Sture Tveit (H)	Harald Bøge (A)
Arild Røen (H)	Bente Getz (Mdg)
Inge Aasgaard (Krf)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Gunnar Bruvik (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)

11 representantar røysta for at Øyvind Røen var ugild og 9 for at han var gild:

Gild	Ugild
Hilde Aarvik (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Svein Tore Drevsjø (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Nils Aadland (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Bjarte Linga (Bl)
Roger Urås (A)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Sture Tveit (H)	Harald Bøge (A)
Arild Røen (H)	Bente Getz (Mdg)
Inge Aasgaard (Krf)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Gunnar Bruvik (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)

Bente Getz, Svein Tore Drevsjø og Hilde Aarvik deltok under den vidare handsaminga av saka, og Brigt Olav Gåsdal heldt fram som setjevaraordførar under den vidare handsaminga av saka.

Vidar Tveiterås (A) bad om at det vart halde gruppemøte før røystinga i saka.

Anja Elisabeth G. Markhus (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Administrasjonen får i oppgåve å utreda kostnad for å utbetre eksisterande veg til Hagabotnane. Dette er eit alternativ som kan koma fortare i gong då dei andre alternativa er dyre."

Etter gruppemøtet sette Brigt Olav Gåsdal (A) fram følgjande framlegg til vedtak:

"Som Anja Elisabeth Gjerde Markhus sitt framlegg med slikt tillegg: spm. om siling av alt. for val av reguleringsalternativ vert utsett til me har oversikt over framtidig bruk av areal ved Hagabotnane med tanke på plassering av hall og bustadbygging. Skolestrukturen skal og vera ein del av vurderingane."

Anja Elisabeth G. Markhus sitt framlegg vart etter dette slått saman med Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg, slik at dette vart eit samla framlegg.

I røystinga vart naturutvalet sitt framlegg sett opp mot framlegget til Anja Elisabeth G. Markhus og Brigt Olav Gåsdal. Framlegget til naturutvalet fekk 1 røyst og framlegget til Anja Elisabeth G. Markhus og Brigt Olav Gåsdal fekk 19 røyster.

For Anja Elisabeth G. Markhus og Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg	For naturutvalet sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Uavh)
Svein Tore Drevsjø (Bl)	

Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Bjarte Linga (Bl)	
Brigt Olav Gåsdal (A)	
Nils Aadland (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Roger Urås (A)	
Harald Boge (A)	
Hilde Aarvik (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Bente Getz (Mdg)	

Etter røystinga gjekk Bente Getz, Svein Tore Drevsjø og Hilde Aarvik frå, og Øyvind Strømmen, Lena Tveit og Øyvind Røen gjekk tilbake i møtet. Øyvind Røen gjekk òg tilbake som varaordførar i møtet.

KS- 003/2019 Vedtak:

Administrasjonen får i oppgåve å utreda kostnad for å utbetre eksisterande veg til Hagabotnane. Dette er eit alternativ som kan koma fortare i gong då dei andre alternativa er dyre. Spørsmål om siling av alternativ for val av reguleringsalternativ vert utsett til me har oversikt over framtidig bruk av areal ved Hagabotnane med tanke på plassering av hall og bustadbygging. Skolestrukturen skal og vera ein del av vurderingane.

05.02.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Ingrid H. Røen (Sp) gjekk i frå medan utvalet vurderte om ho var ugild i handsaming av saka. Røen er grunneigar, og har såleis direkte interesser og er part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at ho er ugild. Det var ikkje kalla inn vara for henne under handsaming av saka.

Sture Tveit (H), Anja Elisabeth G. Markhus (Bl) sette fram følgjande framlegg:

«Administrasjonen får i oppgåve å utreda kostnad for å utbetre eksisterande veg til Hagabotnane. Dette er eit alternativ som kan koma fortare i gong då dei andre alternativa er dyre. Saka skal til kommunestyret for handsaming.»

Gunn Østvik Petersen (Ap) og Ingvild Raftevoll Bogevik (Frp) sette fram følgjande framlegg:

«Samnanger kommune starter arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for alternativ 3 frå silingsrapport – ny veg til Hagabakkane, datert 23.01.2019.»

Det vart røysta over dei 3 framlegga:

Framlegget frå Østvik (Ap) og I.R. Bogevik (Frp) - reguleringsplan vegalt., 3 fekk 3 røyster.

Framlegget frå Tveit (H) og Markhus (Bl) - utbetring eksisterande veg fekk 2 røyster.

Tilråding frå rådmannen fekk 3 røyster og vart vedteke med leiar si dobbeltrøyst.

Representantane si røysting over framlegga:

Framlegg frå Østvik og Bogevik	Framlegg frå Tveit og Markhus	Rådmannen si tilråding
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Sture Tveit (H)	Jon Magne Bogevik (Uah)
Ingvild Raftevoll Bogevik (Frp)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Marta Fossdal (Bl)		Vidar Tveiterås (Ap)

Sture Tveit (H) sette fram følgjande protokolltilførsel til vedtaket:

"Saka vert sendt vidare til kommunestyret. " Det vart røysta over protokolltilførsel, som fekk samrøystes tilslutning.

NAT- 004/2019 Vedtak:

Samnanger kommune starter arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for alternativ 1 frå silingsrapport – ny veg til Hagabakkane, datert 23.01.2019.

Saka vert sendt vidare til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune starter arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for alternativ 1 frå silingsrapport – ny veg til Hagabakkane, datert 23.01.2019.

Dokument som er vedlagt:

Silingsrapport 230119

Kva saka gjeld:

Vegen til Hagabotnane har vore opp til politisk og administrativ drøfting i fleire møte. Det vart i KS sak 15/12 sett av 2 millionar kroner på fondet - Sima Samnanger, til utbetring av vegen. I KS sak 28/14 var saka oppe på nytt og kr. 589.000 av finansieringa vart flytta til næringsfondet frå fondet.

Kommunestyret gjorde i sak 16/15 den 17.06.15, følgjande vedtak:

«dei avsette midla til ny veg til Hagabotnane vert nytta til oppgradering av Hagabakkane i staden for å byggja ny veg. Administrasjonen lagar eit prosjekt for tiltaket med teknisk og økonomisk overslag. Dersom dei avsette midla ikkje strekk til, vert det lagt til grunn å låna pengar for å fullfinansiera oppgraderinga»

I økonomiplan for 2017-2020, den 15.12.16, gjorde kommunestyret følgjande vedtak KS 100/16:

« Det vart i kommunestyret 17. juni 2015 sett av midlar frå Samnanger-Sima-fondet til oppgradering av Hagabakkane, og administrasjonen vart bede om laga eit prosjekt for tiltaket med teknisk og økonomisk overslag. Kommunestyret ynskjer fortgang i dette arbeide og ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i løpet av vårhalvåret 2017.»

Vidare gjorde kommunestyret følgjande tiltak i sak KS-008/17:

«Samnanger kommune ynskjer ein framtidretta og sikker veg til idrettsanlegget i Hagabotnane og ei evt. utløyising av byggjetomter og fleirbrukshall.

Kommunestyret ber administrasjonen utgreia alternative trasear for ny veg til Hagabotnane. Alternativa skal inkludera kostnader for kvart alternativ. Naudsynt vedlikehald og sikring (møteplasser, rekkverk og liknande) av eksisterande veg skal gjennomførast som planlagt. Resultat av alternative trasear og andre moglegheiter i området skal inkluderast i kommunepan. Arbeidet skal samkjørast med arbeidet med ny arealplan.»

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vart det vurdert ulike alternativ for framføring av ny veg til Hagabotnane. Løysingen vart at det ble stilt rekkjefølgjekrav om sikker vegtilkomst knytt til bustadområdet i Hagabakkane. Samtidig vart det sett i gang arbeid med å utarbeide anbudsdokument for silingsrapport og reguleringsplan for ny trase. Endelig silingsrapport ligg no føre og kommunen må ta stilling til kva for trase som skal regulerast.

Det har vore fleire KS vedtak om finansiering av veg/ planlegging av veg til Hagabotnane.


KS vedtak 15/ 2012 kr 2 mill. fond Sima – Samnanger. Omdisponering frå Sima – Samnanger til næringsfondet i KS vedtak 28/2014 kr 589 000 og no i sak 8/2017 der det står korleis midlane skal brukast.

I 2017 var det utgift på kr 669 643 til utbetring av veg
I 2018 har det vore utgift til forprosjekt reguleringsplan kr 296 225
- overfakturert 2018 kr 36 125
+ utgift som vil bli bokført i 2019 (kontrakt) kr 399 050

Rest finansiering kr 671 207 (av Sima Samnanger fondet)

Vurderingar og konsekvensar:

Det er vurdert tre ulike val av trase for ny veg til Hagabotnane:



Grovvurdering av konsekvensane for dei ulike alternativa er synt i vedlagt silingsrapport.

Oppsummering konsekvensar:

Prissette konsekvensar:

	Alternativ 1 Søndre alternativ	Alternativ 2 Midtre alternativ	Alternativ 3 Nordre alternativ
Estimert kostnad +/- 25%	37 936 862,-	25 135 942	47 561 208

I tillegg til estimerte kostnader kjem kostnad til grunnerverv.

Kostnader til drifting av veg (brøyting, vedlikehald, m.v.) vil anslagsvis auke linært med ny veglengde.

Ikkje prissette konsekvensar:

	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 3	Kommentar
Veg	Klar betring av stigningstilhøve, bredder og tilbod til mjuke trafikantar mm. Bruker ein del av dagens trafikksystem langs Ytre Haga og Hagabakkane. Middels lengde på ny veg og ein del konfliktpunkt mot dagens trafikksystem.	Klar betring av stigningstilhøve, bredder og tilbod til mjuke trafikantar mm. Bruker litt av dagens vegsystem langs Steinslandsvegen. Kortaste strekning med ny veg med få konfliktpunkter mot dagens trafikksystem.	Klar betring av stigningstilhøve, bredder og tilbod til mjuke trafikantar mm. Brukar mykje av dagens vegsystem langs Steinslandsvegen og Gjerdsvegen. Lengste strekning med ny veg med mange konfliktpunkt mot dagens trafikksystem.	Alle alternativ er klart betre enn dagens veg, der alternativ 2 totalt sett har dei beste stigningstilhøva og færrest konfliktpunkt mot dagens trafikksystem.
Landskap	Fylgjer delar av dagens veglinje. Vil ha ein 11 meter høg mur og ei 360 meter lang skjering som vil vere eksponert mot omgjevnadene.	Representerer kortast vegtrase, men blir mest eksponert mot omgjevnadene. 21 meter høg mur/fylling i tillegg til 12,5 meter fjelskjering som ligg godt synleg i landskapet.	Representerer lengst veg og størst endring av eksisterande terreng. Trass i omfattande skjeringar og store fyllingar, er vegen lite eksponert mot omgjevnadene på grunn av skogsvegetasjon og plasseringa i terrenget.	Alternativ 1 vil medføre minst endring i landskapet, sjølv om den er meir eksponert enn alternativ 3.
Geologi	Det er vanskeleg å skulle stadfeste kva for ein trasé som er minst utsatt for skred utan å gjere grundigare observasjonar i felt. For alle alternativa er det større bratt til sær bratt overliggande terreng. Sikring av mindre skrentar vil vere enklare enn sikring av større skrentar. For alternativ 2 er skrentane lågare samanlikna med dei andre alternativa. Om det skal sikrast og i kor stor grad avheng av tryggleikskravet til vegen. <u>Alternativ 1</u> har truleg fare for steinsprang i lengre del av trasé, opp mot 550 m. Også stadvis/punktvis truleg fare for lausmasseskred. Registrert lausmasseskred hending i langs med trasé. <u>Alternativ 2</u> har truleg fare for steinsprang i del av trasé, opp mot 200 m. I tillegg er det bratt terreng som ikkje er fanga opp av aktsemdskarta som kan fungere som utløyingsområde for steinsprang. Også stadvis/punktvis truleg fare for lausmasseskred. <u>Alternativ 3</u> har truleg fare for steinsprang i lengre del av trasé, opp mot 500 m. I tillegg er det bratt terreng ikkje fanga opp av aktsemdskarta som kan fungere som utløyingsområde for steinsprang.			I alternativ 2 er delen av traseen som er utsett for steinsprang mindre enn ved dei to andre alternativa. Basert på tilgjengeleg informasjon er denne traseen vurdert som best.
Kulturminne	Tiltaket vil legge seg på tvers av eldre strukturar i kulturlandskapet og ha ein annan skala enn dei mindre gardsvegane som finst i området i dag. Potensial for arkeologiske funn er vurdert til middles/stort.	Tiltaket er lagt i eit område med få kjente kulturhistoriske verdjar. Negativ visuell verknad er først og fremst knytt til eit vidare landskapsbilete. Potensial for arkeologiske funn er vurdert til lite/middels.	Tiltaket er lagt i det som tidlegare i <i>hovudsak</i> har vore beite- og utmarksområde. Kjente kulturhistoriske interesser er få. Potensial for arkeologiske funn er vurdert til lite/middels.	Alternativ 1 er vurdert som dårlegast for kulturminne og landbruksverdjar. Dei to andre alternativa er nokså like i verknad, men nr. 3 vert likevel vurdert som noko dårlegare pga større arealbeslag.
Landbruk	Vegen vil krysse gjennom område vist som LNFR i kommuneplanen. I dei lågareliggande områda vil noko innmark gå tapt. Her er ikkje gjeve produksjonstilskot for	Vegen vil krysse gjennom område vist som LNFR i kommuneplanen, og dermed dele det i to. Inneber det største beslaget av innmarksbeite. Råkar driftsgrunnlaget for tre gardar	Store delar av veglinja vil ligge i område vist som LNFR i kommuneplanen. Går klar innmarksbeite – med eit lite unntak. Ny veg kan truleg nyttast for uttaking av skog	Alternativ 2 er vurdert som dårlegast for landbruksverdiane. Alternativ 3 er best, sidan ein her i svært liten grad går over innmark

	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 3	Kommentar
	drift, og arealet er prega av oppstykking.			
Natur	For lite data til at ein kan vurdere verknad for tema, men <i>potensial</i> for funn av viktige naturtypar og raudlista artar er størst ved alternativ 1, og minst ved alternativ 3.			Alternativ 1 er dårlegast og alternativ 3 er best
Busetnad / friluftsliv	Tiltaket vil gje tryggare veg for mjuke trafikantar til idrettsanlegget, og i eit område som er nært der dagens vegtrasé er. Ny veg vil bli bygd i eit område med relativt mange bustadhus og endre dette vesle nærmiljøet noko. Ingen kjende negative konsekvensar for friluftsliv. Alternativet manglar direkte kopling mellom Samnanger barneskule og Hagabotnane idrettsanlegg.	Ny veg vil kople seg til eit større bustadfelt, og gje ein tryggare veg for mjuke trafikantar mellom Samnanger barneskule og idrettsanlegget. For bustadområda sentralt i analyseområda vert det lettare å komme seg til anlegget enn i dag. Ingen kjende negative konsekvensar for friluftsliv.	Ny veg vil bli lagt like aust for Samnanger barneskule og barnehagen, og gje ein tryggare veg for mjuke trafikantar mellom barneskulen til idrettsanlegget. Ingen kjende negative konsekvensar for friluftsliv, men kryssing av Steinslandsvegen som gjev samband mellom Steinsland og Himmelhaugen / Bolstadhaugen må sikrast og stengast. Himmelhaugen og Bolstadhaugen nyttar ny veg og nedre del mot Steinslandsvegen vert kun for mjuke trafikantar blanda med køyrande til bustadar.	Ingen av alternativa vil gje vesentlege negative følgjer for busetting og friluftsliv. Alternativ 1 vert likevel vurdert som dårlegast, fordi det gjev størst arealinngrep i eit nærmiljø og manglar oppgradert kopling mellom skulen og idrettsanlegget.
Kostnader	Mellom 28,5 – 47,5 mill. kr. eks. mva.	Mellom 19 – 31,5 mill. kr. eks. mva. Billigaste alternativ	Mellom 35,5 – 59,5 mill. kr. eks. mva. Dyraste alternativ	Dagens veg (0-alternativet) er ikkje kostnadsestimert. Billigaste alternativ får best score og dei andre høvesvis ut frå dette. Alternativ 2 er billigast
Samla vurdering	1	2	2	

Alternativ 1 – Søndre alternativ:

Alternativ 1 er den einaste løysinga som ikkje kjem ut med verknader som inneber ei klar forverring, eller svekking av samfunnsmessige verdiar. Alternativet har høgast potensial for arkeologiske funn, og vegen vil ha stor nærføring til busetnad. Byggekostnad er estimert til ein plass mellom 28,5 og 47,5 mill. kr. Alternativ 1 er det einaste alternativ som kan byggjast ut i etappar. D.v.s. at ein ved alt.1 kan byggja ut dei første 500 meterne av vegen i første omgang, og byggje resten ved eit senare høve. Om ein reknar at 2/3 av vegkostnaden er knyta til byggjetrinn 1 vil kostnaden liggje ein stad mellom 18,8 og 31,1 mill. Alternativ 1 er vurdert å gi ein god vegløyising.

Alternativ 2 – Midtre alternativ:

Alternativ 2 er kostnadmessig det mest fordelaktige alternativet. Byggekostnaden er estimert å liggje ein plass mellom 19-31,5 mill. Dette er og det alternativet som er knyta best opp mot skulen i høve gangavstand. Alternativ 2 har derimot stor konsekvens for landbruk. Vegen vil i så stor grad råke driftsgrunnlaget for landbruket, at alternativet vurderast å stride mot nasjonale interessar. Konsekvensane for landskapet vurderast også som verst i alternativ 2. Fjernverknaden er stor, og om dette alternativet vert valgt, må ein vurdere omfattande avbøtande tiltak som dempar inntrykket av høge murar og fyllingar.

Alternativ 3 – Nordre alternativ

Alternativ 3 har dei lågaste konsekvensane for miljø og samfunn. Alternativet vil i tillegg betre den trafikale situasjonen i Gjerdsvegen og steinslandvegen som i dag nyttast som skuleveg. Alternativet vil løyse ut størst potensial for framtidig utbygging av bustader, og er vurdert å samla sett vere det beste alternativet med unntak av byggjekostnad. Byggjekostnadene er estimert å liggje ein plass mellom 35,5 og 59,5 mill. kr.

Nullalternativ:

Å utbetra eksisterande veg for å kunne sikre tilkomst med buss til Hagabotnane har ikkje vore utgreidd i samband med silinga. Ut frå tidlegare vurderingar kan det synes vanskeleg å sikre trafikktryggleiken, og foreta dei naudsynte breddeutvidingar som må til i dagens trase. Om dagens trase skal oppgraderast for tilkomst med buss vil det vere trong for vesentlege inngrep i gjennom etablert bustadområde.

Rådmannen sin tilråing:

Alle alternativa vil ha trong for vesentlege bevillingar om ny veg til Hagabotnane skal realiserast. Om det vert sett av pengar til bygginga i løpet av dei neste ti år, rår Rådmannen til at ein fortsetter arbeidet med reguleringsplan. Om det vert vurdert at finansiering av prosjektet må skyvast lenger fram i tid, rår Rådmannen til at ein også ventar med oppstart av reguleringsplanen. Dette med grunnngjevnad i at ei reguleringsplan gir ekspropriasjonsgrunnlag kun i ti år frå kunnngjering.

Silingsrapporten konkluderer med at alternativ 1 samla sett kjem best ut når me sammenstillar prissette, og ikkjeprissette konsekvensar. Alternativ 2, vil med stort sannsyn ikkje la seg gjennomføre grunna at den strider mot nasjonale landbruksinteresser. Alternativ 3 er ein god men dyr løysing. Etter ein heilskapleg vurdering rår rådmannen difor til at:

Samnanger kommune starter arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for alternativ 1 frå silingsrapport – ny veg til Hagabakkane, datert 23.01.2019.